



Reidar Myklebust, her på kaia i Rosendal, opnar festivalen. (Foto: Kvinnheringen)

Fleire uskedelinger vil markera seg under Rosendal Musikkfestival neste helg. Ikkje berre skal 16-åringen Vegard Døssland ha sin eigen konsert sundag - Reidar Myklebust skal opna festivalen i Samfunnshuset fredag kveld.



Vegard Døssland - no også med eigen konsert. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Festivalen har eit svært variert og breitt program - frå kyrkjemusikk til pop og rock og frå folkefest i Skålafjøro til kunstutstillingar. Med andre ord blir det noko for alle uansett alder og musikksmak.

Helene Bøksle er først ut i Samfunnshuset fredag. Sidan ho slo igjennom i 2006 har det berre gått oppover. På fredagskvelden held det fram med gruppa Narum frå Toten, tre søsken som har funne ei felles røyst.

Laurdag føremiddag opnar utstillingane - Alf Ertslund i Galleri Rosendal og Gabrielle Kielland på Galleri G. Guddal.

Folkefesten blir flytta frå frå Skålagato til Skålafjøro - med eit kraftig utvida program. I Skålafjøro blir det telt med konsertscene og det vil gå slag i slag heile dagen og kvelden. Mellom anna bli det innslag med elevar frå kulturskulen. Festen blir avslutta med Vetrhus bluesband.

I Samfunnshuset på laurdagskvelden kjem det ein dobbelkonsert ved duoane Erik og Kriss og Robin og Bugge. Dei slår ikkje minst an hos dei unge. På Rosendal turisthotell vil ein møte ei levande blues-legende - Reidar Larsen - med fersk spellemann-status i bagasjen !Nattdansen i Samfunnshuset er det Anne Nørdsti som leiar.

Vegard Døssland er først ut på sundag og om kvelden blir festivalen avslutta i kyrkja med Iver Kleive og Knut Reiersrud.

Av Ola Matti Mathisen